# Langrennstafett i Høydalsmo

## Sundag 03. april kl. 12.00

Høydalsmo IL skipar til langrennstafett, siste rennet i Vest Telemark karusellen 2016.

Frammøte er på skistadion ved Høydalsmo skule.

**Stilart:** Alle etapper er fristil.

**Distansar:** 1 km (6-9 år), 1,5 km (10 – 12 år) og 2 km for resten.

**Klasser:** 6 – 9 år (3x 1km), 10 – 12 år (3x1,5 km), 13 – 16 år (3x2 km), og 17 år ++ (3x2km).

I 17 år ++ klassa kan du og stille med 13 – 16 åringar.

Alle klassene er opne. Det vil seie at ein kan blande saman gutar og jenter. Dersom det er klubbar som har med fleire lag i ei klasse er oppmodinga at ein ikkje "toppar" noko lag.

Dersom du ikkje har nok løparar i eigen klubb til å stille eit lag ordnar arrangøren lag til deg likevel. Det vil bli mixlag med ein annan klubb. Alle skal få gå.

Vonar alle klubbane har høve til å stille minst eit lag i klassa 17 år ++. Det er fint for dei yngre å sjå at eldre og kan vera med. Dette blei ein stor suksess sist gong.

**Startkontigent pr lag:** Kr. 150,-. Rekning vert sendt klubben din i etterkant.

**Påmelding:** Lagvis frå klubben til: asbjorn.byggland@tokke.kommune.no tlf: 97037296

**Påmeldingsfrist:** Torsdag 31. mars eller seinast ein time før start. Oppmodar flest mogleg å melde seg på innan torsdag sidan dette har blitt eit stort renn.

**Premiering:** Full premiering. Samanlagtpremiering for karusellen rett i etterkant.

Høydalsmo IL stiller smørar til disposisjon.

Fint om klubbane forklarar løparane korleis ein stafett fungerar på førehand.

Resultatlister vert sendt ut på e - post i etterkant.

Enkelt matsal i klubbhuset.

Høydalsmo IL ynskjer alle velkomne til skirenn.

